



Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Møte i Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Stad: Villa Vågå Hotell, Vågåvegen 45, 2680 Vågå

Dato: 12.-13. september, 2025

Deltaking:

Kommune	Medlemmar	Møtt	Varamedlemmar	Møtt
Dovre	Knut Egil Rykhus	Ja, u/overnatting	Nina Stavheim Bentsdal	
Fjord	Britt-Ingunn Tafjord Walle	Nei	Johan Arnt Overøye	Nei
Lesja	Liv Klara Enstad	Nei	Dag Christian Hole	Ja, u/overnatting. til kl 10 laur
Lom	Kristian Frisvold	Ja, u/overnatting	Sigrun Garmo	
Luster	Eli Merete Hansen Moen	Nei	Arne J Hauge	Nei
Rauma	Andrine Kylling	Ja	Jostein Reiten	
Skjåk	Randi Rust	Ja, frå kl 19:30 fre	Ola Løkken	
Stranda	Claus Uwe Callsen	Ja, til kl 10 laur	Gro Anita Loen Sve	
Stryn	Johan J Berge	Ja	Helene Mari Maurset	
Vågå	Hans Petter Vaberg	Ja, fredag. Ikkje overnatting, men middag. Ikkje laur	Turid Grimsbø Snerle	
Sekretær	Tor Taraldsrud	Ja		

Program:

Fredag 12. september

17:30 – 18:00 Kaffe / te / enkel bevertning (rundstykke)

18:00 – 19:30 Møte villreinnemnda (møterom for minst 11 pers)

20:00 Middag

Laurdag 13. september (tidsskjema kan bli noko endra)

08:00 – 09:00 Frukost

09:00 – 10:00 Møte villreinnemnda

10:00 – 15:00 Synfaring i Finndalen. Ulike problemstillingar knytt til villrein i dette området blir drøfta. Vi møter leiar i villreinutvalet, Vidar Vange i Finndalen. Han vil fortelje om erfaringar frå jakta, korleis oppsynet har fungert og om arealbruken til villrein i Finndalen.

12:00 Lunch i felt, truleg på Vangen.

Innhald

22. Godkjenning og innkalling av sakliste	2
23. Tildeling av middel til villreintiltak 2025	3
24. Orienteringssak – økonomi og forbruk av middel i nemnda pr 04.09.25	6
25. Invitasjon til samling – ny giv for «Villreinfangsten som verdsarv»	7
26. Høyring av strategi for forvaltning av hjortevilt (hjorteviltstrategi)	9
27. Orienteringssak - Stenging av rasteplassen ved Geirangerkrysset (Langvatnet ved Rv 15, heilt vest i Skjåk rett før Oppljostunnelen)	10
28. Orienteringssak – informasjon frå villreinutvalet erfaringar frå jakta, korleis oppsynet har fungert og om arealbruken til villrein i Finndalen	13
29. Høyring - Ny arealdel til kommuneplanen i Fjord kommune 2025-2040	15
30. Eventuelt	15

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

2

Sakliste:

22. Godkjenning og innkalling av sakliste

Innstilling: Ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak: Ingen merknader til innkalling og sakliste

23. Tildeling av middel til villreintiltak 2025

Villreinnemnda har kr 216.880,- til utdeling i 2025

Villreinnemnda lyser ut middel til villreintiltak med søknadsfrist 15.06.25.

Tilskot til villreintiltak er innbetalte fellingsavgifter for villreinjakt som blir ført tilbake til det einskilde villreinområde. Middel kan bli brukt til tiltak som:

1. Styrker forvaltninga av villreinstamma.
2. Styrker kunnskapen om villreinen sin arealbruk i både nåtid og fortid.
3. Fremmar befolkninga sin forståing og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda. Søknad skal innehalde målsetting og beskriving av tiltaket, budsjett (kostnader og finansiering) og tidsramme for gjennomføring, namn og kontonummer til søker.

Send søknaden til:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Moavegen 30

2690 Skjåk

tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Det har kome inn fire søknader (vedlagt):

1. Villreintvalet – søknad om tilskot til villreintvalet sine forvaltningsoppgåver. Søknadsbeløp kr 500.000,-
2. Lesja kommune – ynskjer å oppdatere kva turar som vert promotert for ferdsel med omsyn til villrein og trykke 4000 brosjyrar. "Spor" har laga rapporten: *Strategi for formidling til brukerne av fjellområdene på Bjorli*, med tydelege råd om korleis ein skal legge opp formidlinga. Søknadsbeløp kr 30.000,-
3. Ola Øyjordet Rossehaug - Villreinen og oss - ein familiejaktfilm. For å auke forståinga knytt til forvaltning av villrein, synleggjering av kva villreinjakt er, og med mål om å gje informasjon og innsyn i villreinen sin bruk av fjellområda våre, har denne ideen dukka opp: Ein kortfilm om reinsjakt med meg og mine tre barn som hovudrolleinnehavarar. Søknadsbeløp kr 82.000,-
4. Tarandus AS - søknad på midlar til bokprosjekt med villreintema. Bokprosjektet har fått arbeidstittlen: "Det ukjente fjellfolket i Tafjordfjella". Boka presenterer dei nye arkeologiske funna som er gjort. Dette gir ny kunnskap som endrar historia, og gjer at vi får eit glimt av det ukjente fjellfolket som ein gong levde her. Desse funna betyr noko for både lokalhistorie og for historia om dei første busettingane i Noreg. Oppdagingane gjer det mogleg å forstå tidlegare tiders reinsdyrfangst og den økonomiske og kulturelle tydinga dette har hatt gjennom over 10 000 år, ikkje berre for Noreg, men også for den gamle europeiske jakthistoria. Søknadsbeløp kr 25.000,-

Tarandus AS søkte etter at søknadsfristen var utgått. Han hadde hatt problem med å finne utlysinga i år. Via telefon-samtale med dagleg leiar i Tarandus AS rett etter at fristen var utgått ga sekretær i nemnda munnleg melding om at han kunne søke og at nemnda i samband med behandling av saka ville avgjere om søknaden kunne akseptrast.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

4

Vurdering

Alle søknadane er innanfor det som tilskotsmidla kan gå til.

Villreinutvalet står for mykje av den praktiske forvaltninga gjennom året. Overvaking av arealbruk er t.d. viktig for å kunne ta vare på villrein sine leveområde. Villreinutvalet sin innsats er avgjerande for å ha ei god forvaltning av villreinstamma. Dei bør derfor få brorparten av tilskotsmidla.

Bjorli er eit populært hytteområde i Lesja kommune. Det er om lag 1400 hytter der pr i dag og det blir planlagt for ytterlegare utbygging. For å redusere presset på villrein er det viktig å kanalisere ferdsel til mindre sårbare område. Rapporten til "Spor" tilrår mellom anna at det blir laga ei informativ brosjyre i tråd med planen til Lesja kommune. Tiltaket er innanfor det som tilskotsmidla til villreintiltak kan bli brukt til. Samstundes er det andre aktuelle finansieringskjelder til dette tiltaket. Til dømes har Innlandet fylkeskommune tilskotsmiddel til ferdselsplanar gjennom handlingsprogrammet til regional plan for Ottadalsområdet. Lesja kommune søker om middel til eit godt tiltak og det blir vurdert som viktig for villrein i fjellområda rundt Bjorli at tiltaket får finansiering på ein eller annan måte.

Villreinjakt er ein viktig del av kulturhistoria vår. Det er positivt å kunne formidle kva villreinjakt er. Formidling av villreinjakt saman med ungar kan vera positivt med tanke på både rekruttering og formidling av villreinen si rolle i fjellet. Det kan hende at villreinjakt med ungar er meir interessant for folk som ikkje jaktar enn ein meir tradisjonell villreinjaktfilm som det etter kvart er laga veldig mykje av. Skal ein fremme befolkninga si forståing av og kunnskap om villreinen sin bruk av fjellområda må ein adressere produksjonen til ein stor del av befolkninga, det vil si å gjere villreinen meir synleg og viktig for alle, ikkje berre for naturinteresserte, jegerar og friluftsfolk. Slik sett er prosjektet "Villreinen og oss - ein familiejaktfilm" ei god tilnærming. [Norsk villreinsenter](#) arbeider med mange gode prosjekt for å formidle kunnskap om villrein til ein større del av befolkninga og har laga fleire gode filmsnuttar, t.d. denne om kva ein rein er:

<https://youtu.be/SRPENVbcOaI>.

Det er utfordrande å nå ut med gode produksjonar, men med fleire produsentar og ulike presentasjonskanalar når ein fleire. Rosshaug har erfaring og kunnskap til å kunne få til gode produksjonar og filmsnutten som var produsert for Fjuken-TV i fjor bør kunne vera interessant å sjå også for folk som ikkje driv med villreinjakt eller er frå Ottadalen. Sidan det allereie eksisterar ein god del villreinjaktfilmar bør ein vera kritisk til å bruke ressursar på nye. Men sjølv om det er laga mykje bra om villrein er ein absolutt ikkje i mål med å formidle kunnskapen. Samarbeid med aktørar som allereie er etablert innan formidling av kunnskap om villrein ville ha styrka søknaden.

Tarandus AS har ved nokre høve tidlegare fått tildelt middel til villreintiltak. Det har også tidlegare vore prosjekt knytt til villreinrelaterte kulturminne. Det er viktig for å syne korleis villrein har brukt arealet tidlegare. Ein del tidlegare villreinareal har fått redusert kvalitet (ulike påverknader). Med tanke på å ta vare på villrein for framtida er det derfor viktig å ha kunnskap om villreinareal som kan bli nytta av villrein. Kunnskap om villrein si innvandringshistorie er viktig for å forstå korleis villrein kan utnytte arealet i dag og i framtida. Dette prosjektet handlar om formidling av den kunnskapen som ein har funne, spesielt gjennom dei siste åra og funn i samband med smelting av isbreane.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

5

I følge § 7 i Naturmangfaldslova skal søknaden vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av Naturmangfaldlova § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Aktiviteten til villreinutvalet er avgjerande for ei god forvaltning av villreinstammen. Aktiviteten blir dokumentert gjennom årlege rapportar.

Kunnskapsformidling er avgjerande for å få folk til å ta vare på villreinen sine leveområde.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er bra, føre-var prinsippet er ikkje relevant.

§ 10 - samla belastning for økosystemet: Positivt for økosystemet med kunnskapsformidling om og god forvaltning av villrein.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Blir vurdert som lite relevant når det gjeld denne søknaden.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Aktiviteten til søkarane blir vurdert som miljøforsvarleg.

Søknadene ligg vedlagt.

Innstilling:

1. Kr xxx,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr xxx,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til Lesja kommune, Postboks 53, 2671 Lesja, konto nr: 2081.19.00142.
3. Kr xxx,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til Ola Øyjordet Rossehaug, Vassvegen 2, 2686 Lom, konto nr: 2085.10.36645.
4. Kr xxx i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til Tarandus AS, Heimhovda 8, 2660 Dombås, konto nr: 2085.26.35593.

Behandling:

Omforent forslag om kr 5000,- til søknad nr 2 og 4 og at søknad nr 4 blir godkjent sjølv om den var motteke etter at fristen var ute.

Når det gjeld søknad nr 3 blir det avslag med bakgrunn i at det manglar ein plan for formidling. Resterande sum blir til søknad nr 1.

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

1. Kr 206.880,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til villreinutvalet for Reinheimen-Breheimen, konto nr: 2085.64.27448.
2. Kr 5000,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til Lesja kommune, Postboks 53, 2671 Lesja, konto nr: 2081.19.00142.
3. Kr 0,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til Ola Øyjordet Rossehaug, Vassvegen 2, 2686 Lom, konto nr: 2085.10.36645.
4. Kr 5000,- i tilskotsmiddel for 2025 blir overført til Tarandus AS, Heimhovda 8, 2660 Dombås, konto nr: 2085.26.35593.

Vilkår:

- Rapport på bruken av midla skal bli sendt til villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen innan utgangen av 2025.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

6

24. Orienteringssak – økonomi og forbruk av middel i nemnda pr 04.09.25

Nemnda mottok kr 360.000,- til drift i 2025.

I tillegg hadde Skjåk kommune att eit forskot frå tidlegare på kr 49.047,-

Nemnda hadde gjeld på kr 16.056,- i form av utgifter frå 2024 som vart ført i 2025.

Reelt har derfor nemnda kr 392.541,- til sitt arbeid dette året.

Skjermbilde: GL30
Bruker : 2780EDEI

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
SFMR Prosjekt

Prosjekt	Prosjekt(T)	Konto	Konto(T)	Kappost	Koststed	Regnskap (1)
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	3410	Tilskudd fra statlige virksomheter	452001	2421	-360 000
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen			452001		-360 000
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	5300	Styrer, råd og utvalg	152021	2421	106 020
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	5330	Honorarer	152021	2421	8 595
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	5400	Arbeidsgiveravgift	152021	2421	17 041
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	6840	Aviser, tidsskrifter, bøker o.l.	152021	2421	1 722
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	6861	Møter interne	152021	2421	18 946
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	152021	2421	22 200
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	152021	2421	17 415
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	152021	2421	1 289
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7400	Medlemskontingent	152021	2421	3 566
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen	7410	Gaver (eksterne forelesere og lignende)	152021	2421	172
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen			152021		196 965
MN01	Driftsmidler Villreinnemnda Reinheimen - Breheimen					-163 035
						-163 035

Nemnda har altså att kr 163.035,- + kr 50.874,- som restbeløp i Skjåk kommune. Det blir ein del kostnader med dette møtet. I tillegg er det budsjettert med kr 133.000,- i sekretærkostnader for 2025.

Vi er med på eit felles brev til Landbruksdirektoratet om den økonomiske situasjonen til villreinnemndene – vedlagt.

Innstilling: Saken er teke til orientering
Behandling: Samrøystes
Vedtak: Saken er teke til orientering

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

7

25. Invitasjon til samling – ny giv for «Villreinfangsten som verdsarv»

Villreinnemnda har fått invitasjon frå prosjektet Villreinnemnda har fått invitasjon frå prosjektet «Villreinfangsten som verdsarv» om å delta på ei samling for å presentere den faglege bakgrunnen for eit forslag om verdsarvstatus, og på ny invitere partane til å gi sin tilslutning til prosjektet. Invitasjonen er limt inn under:

Hvor: Dombås hotell

Når: Onsdag 5. november 2025, kl. 10:00 – 14:00

Husker du prosjektet «**Villreinfangsten som verdensarv**»? Med god tilslutning fra berørte kommuner har arbeidet pågått i mer enn 20 år. Områder med rike forekomster av tusenår gamle fangstminner (fangstgroper, bogestillinger m.m.), og som allerede er vernet som nasjonalpark foreslås innskrevet på Norges tentative liste for verdensarvområder, med mål om å bli nominert som et UNESCO verdensarvområde.

Vi har hele tiden arbeidet med å utvikle prosjektet, og nå har arbeidet fått en ny giv.

Klima- og miljødepartementet har, i samråd med Riksantikvaren og Miljødirektoratet bedt om å få **et oppdatert faglig grunnlag**. Styret vil **åpne for at kommunene m.fl. på nytt kan gi sin tilslutning**.

Styret for verdensarvprosjektet **inviterer derfor berørte kommuner og andre parter til en samling** for å presentere den faglige begrunnelsen for **et forslag** om verdensarvstatus, og på ny invitere partene til å gi sin tilslutning til prosjektet.

Vi kommer tilbake med et mer utfyllende **program** for dagen, med tema fangstminner, villrein og forventninger knyttet til en verdensarvstatus. Og med tid til å komme med spørsmål og innspill.

Fint hvis du kan sette av dagen allerede nå. Om du ikke selv kan møte, kan du evt. be en annen fra din organisasjon om å stille.

Med vennlig hilsen for styret

Per Dag Hole
leder

Trond Stensby
sekretær
tlf. 911 61 458



VILLREINFANGSTEN
som verdensarv
En ti tusen år lang tradisjon

Hjemmeside: [Villrein som verdiskaper - Villrein som verdensarv](#)

- Innstilling:** Nemnda bør vera representert på møtet. Det er positivt at villreinrelaterte kulturminne blir teke vare på og at dei får oppmerksomd, men vil det føre til auka besøk på utvalde lokalitetar?
- Behandling:** Omforent forslag om at sekretær og eit medlem bør stille. Knut Egil Rykhus sjekkar om han har moglegheit. Alternativt leiar eller nestleiar.
Samrøystes.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

8

Vedtak:

Sekretær og eit medlem bør stille. Knut Egil Rykhus sjekkar om han har moglegheit. Alternativt leiar eller nestleiar.

26. Høyring av strategi for forvaltning av hjortevilt (hjorteviltstrategi)

Miljødirektoratet fekk i 2022 oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet om å utarbeide en ny hjorteviltstrategi. Miljødirektoratet starta arbeidet og jobba med strategien fram til desember 2024. I forbindelse med overføring av mynde for forvaltning av haustbare viltressursar frå Miljødirektoratet til Landbruksdirektoratet 1. januar 2025 ble ansvaret for å få ferdig hjorteviltstrategien også overført til Landbruksdirektoratet.

Utkast til ny hjorteviltstrategi er nå på høyring, med høyringsfrist 1. november 2025. Høyringsdokumentet er lagt ut på Landbruksdirektoratets heimesider. Villreinnemndene i Norge er ikkje teke med som høyringsmottakarar. Høyringen er open for alle som ønsker å gi innspel. Om villrein står det i høyringen at:

«Strategien er rettet mot alle hjorteviltartene, men hovedfokus på elg, hjort og rådyr. I 2024 kom Meld. St. 18 (2023–2024) "Ein forbetra tilstand for villrein". Den presenterer regjeringens politikk for å forbedre tilstanden for villrein i Norge. Før sommeren 2025 kom de første tiltaksplanene for noen av de nasjonale villreinområdene på høring. For Landbruksdirektoratet og Miljødirektoratet vil det i de kommende år bli viktig å følge opp våre ansvarsområder i endelige tiltaksplaner for de ulike villreinområder.» (s. 8)

«Villrein er inkludert som en naturlig del av hjorteviltstrategiarbeidet, men fordi det er en stortingsmelding om villrein, med tilhørende oppfølgende prosesser er ikke artsspesifikke utfordringer for villrein innlemmet i strategiarbeidet.» (s. 23)

Sekretær tolkar ut frå dette at Landbruksdirektoratet meiner at det fyrst og fremst er tiltaksplanane og stortingsmeldinga om villrein som styrer i villreinarbeidet, og at hjorteviltstrategien er mindre relevant for villreinforvaltninga.

- Innstilling:** Nemnda treng ikkje å uttale seg til denne høyringa i og med at den ser ut til å vera mindre relevant for villrein.
- Behandling:** Kommentrarar i møtet: Hjort i fjellet – påverknad på villrein? Smittepress mellom ulike hjorteviltartar. Spørsmål om betre moglegheit for å kontrollere bestandsstorleik? Nasjonale middel for å betre overvaking av dei ulike hjorteviltartane sin bruk av fjellområda/trekkområde, t.d. gjennomføring av forskingsprosjekt. Forslag i møtet om å skrive eit høyringssvar, blir sendt ut i medio oktober til nemnda for gjennomsyn.
- Vedtak:** Samrøystes
Nemnda skriv eit høyringssvar med dei tema som nemnt under "behandling", blir sendt ut i medio oktober til nemnda for gjennomsyn.

27. Orienteringssak - Stenging av rasteplassen ved Geirangerkrysset (Langvatnet ved Rv 15, heilt vest i Skjåk rett før Oppljostunnelen)

Statens vegvesen sanerte i sommar rasteplassen ved Geirangerkrysset, slik nemnda har ynskja. Det har vore ein del reaksjonar på dette i etterkant. Villreinutvalet og villreinnemnda har informert om bakgrunnen for stenginga i Fjuken i sommar. Vi fekk førespurnad om å kommentere stenginga: Artikkelen i Fjuken er kopiert inn under:

Villrein vs bular: Stor rasteplass sanert i Breidalen

Den store rasteplassen ved krysset mellom rv15 og fv 63, Geirangervegen er fjerna.



Den store rasteplassen ved Langvatnet og avkøyringa til Geiranger frå rv 15 i Breidalen i Skjåk er nå lagt ned. Vegen inntil den store plassen er graven over og alt av utstyr er fjerna. Bakgrunnen er omsyn til villreinen i området. **FOTO: TERJE RANDEN**

Det var i starten av juli månad at arbeidet med saneringa vart gjort. Nå er vegen inn til plassen graven over, møbler og anna utstyr er fjerna.

Arbeidet er gjort med bakgrunn i omsyn til villreinen i området.

– Eg hugsar ikkje kva tid denne rasteplassen vart etablert, men den vart lagt midt på ein viktig tange for villreintrekk over Breidalen, seier styrar i Skjåk Almenning og sekretær for villreinutvalget for Reinheimen og Breheimen, Kristen Haugen Dagsgard og fortel at det er ein lang prosess som ligg bak saneringa som nå er gjort.

– Som i så mange andre område har det vorte utruleg mykje meir menneskeleg aktivitet, og særleg da av vegreisande turistar. Ein har ved fleire høve observert meir enn 30 bueningar som har overnatta ved «Geirangerkrysset». Med bakgrunn i dette meinte villreinformaltinga at det var riktig og viktig å sanere plassen. Særleg i og med at ein har alternativ lenger aust, seier Dagsgard og fortel at det også blir sett på fleire lokasjonar mellom Oppljostunnelen og Hamsevik der ein vil avgrense moglegheitene til «villcamping».

Siste intakte trekkorridor

Lokal villreinnemnd og villreinutval er godt nøgde med samarbeidet med Statens vegvesen.

I samband med planane om ny rv 15 Skjåk-Stryn, har villreinformaltinga lokalt dei to siste åra hatt jamnlege møter med blant anna Statens vegvesen. På eit av desse møta vart rasteplassen tema der det frå formaltinga si side vart peikt på at plasseringa var uheldig i og med at den ligg midt i ein trekkorridor. Statens vegvesen initierte sjølve at plassen difor kunne sanerast sidan ein har fleire alternativ lenger aust i Breidalen og Grotliområdet.

– Villreinformaltinga såg dette som eit svært viktig tiltak for å hindre barrierar i Breidalen som er viktig for reinen, seier Dagsgard og syner til kvalitetsnormen for villrein som seier:

«Fokusområdet går langs Skjåkvegen (Rv. 15), som fører til en trekkhindring mellom delbestandene i Reinheimen og Breheimen. Selve vegen er eldre enn 50 år, men har vært helårsveg siden 1978. Siden den gang har vegen vært en av hovedferdselsårene mellom Østlandet og Vestlandet. Både trafikken og menneskelige forstyrrelser har økt betraktelig i seinere tid. Det er mye aktivitet langs hele området fra Breidalsvatnet og vestover. Spesielt ved Geirangerkrysset, som ligger rett ved den ene trekkpassasjen.»

Dagsgard forklarar at ein i Reinheimen-Breheimen har tre ulike delstammer av villrein. To i Breheimen og ei i Reinheimen. For å oppretthalde friske og berekraftige stammer, er beitegrunnlag og genetisk utveksling mellom

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

11

desse viktig. Breidalen er den siste inntakte trekkorridoren som reinen brukar mellom Reinheimen og Breheimen, seier Dagsgard og legg til at dette også er bakgrunnen for at ein ynskjer eit nytt tunnelinnslag lagt lenger aust ved bygging av ny veg.

Vedteke av fylkeskommunane

– Handlingsprogrammet til regional plan for Ottadalsområdet vart revidert i 2022-2023 og har ei liste med tiltak for å ta vare på villrein i Reinheimen-Breheimen. For fokusområde 4: Grotli-Breiddalen, var eit av tiltaka å stenge rasteplassen. Handlingsprogrammet er vedteke av fylkeskommunane i Innlandet, Vestland og Møre og Romsdal, seier Tor Taraldsrud, naturforvaltar i Skjåk kommune og sekretær for Villreinnemnda for Reinheimen - Breheimen. Han fortel at det vart sendt ein førespurnad til Statens Vegvesen i januar 2024 om oppfølging av handlingsprogrammet og førespurnad om å få til ein prosess med mål om å stenge rasteplassen. I samarbeid med SVV, grunneigar og villreinforvaltninga har ein nå heldigvis fått fjerna eit unødig hinder for ei fungerande trekkpassasje mellom Reinheimen og Breheimen, seier Taraldsrud.



I oversikta som Statens vegvesen har på sine nettsider, er rasteplassen framleis nnteikna.

FOTO: SKJERMDUMP, WWW.VEGVESEN.NO



Den store rasteplassen ved Langvatnet og avkøyringa til Geiranger frå rv 15 i Breidalen i Skjåk er nå lagt ned. Vegen inntil den store plassen er graven over og alt av utstyr er fjerna. Bakgrunnen er omsyn til villreinen i området. **FOTO:** TERJE RANDEN

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

12



Med omsyn til villreinen, ynskjer å forvaltninga minst mogleg trafikk og hindringar mellom nåverande Oppljos-tunnel og Leger-vatna. Her ved Hamsevika er bubilane meir velkomne. **FOTO:** TERJE RANDEN, ARKIV



Fungerande styrar av Skjåk Almenning, og sekretær i Villreinutvalget for Nord-Gudbrandsdal, Kristen Haugen Dagsgard, er glad for at ein nå har fått stengt den store rasteplassen ved Geirangerkrysset med omsyn til villreintrekket som går over dalen her. **FOTO:** BRS - FJUKEN


Publisert: torsdag 31. juli 2025 kl. 10:08

- Innstilling:** Saka er teke til orientering
- Behandling:** Innspel om å følgje opp avkøyringa ved mobilmasta rett aust for tunnelopninga. Sjekk kva løyve kommunen har gjeve. Samrøystes.
- Vedtak:** Saka er teke til orientering med oppfølging når det gjeld vedtaket frå Skjåk kommune når det gjeld avkøyringa ved mobilmasta.

28. Orienteringssak – informasjon frå villreirutvalet erfaringar frå jakta, korleis oppsynet har fungert og om arealbruken til villrein i Finndalen

Tema:

- Gjennomføring av jakt i haust
- Oppsynet sin aktivitet - oppsynsleiing
- Skadeskyting - bomskot
- Resultat – førebels fellingsprosent
- Jakt på nordvest seks dagar av jakta. Kva er erfaringa med dette så langt?
- Ulike problemstillingar knytt til villrein i Finndalen:
 - Menneskeleg ferdsel
 - Stigar / skilting / kanalisering / tilrettelegging
 - Kva periode er vegen innover Finndalen ope? Blir ikkje brøyta. Største snøfonna ligg lengst fram i dalen.
 - Skigåing på Liafjellet vinterstid?
 - Ein god del snøscooteraktivitet på Liafjellet som genererer ein del skigåing.
 - Bandtvang / laushunder?
 - Vårbeite (beiteskader) på innmark i Skårvangen på våren (meir før?)
 - Camping
 - Villrein sin arealbruk i Finndalen gjennom året



Kartet syner fokusområde Honnsjøen/Liafjellet. Området er vald ut som fokusområde både fordi det er ein viktig trekkpassasje og med omsyn til arealutnytting. Villreinen bruker trekkpassasjen både vinter og vår. Dette er ein trekkpassasje som det må følges med på, viktig at den opprettholdes. Under er det limt inn det som er skrive om dette fokusområdet i samband med [kunnskapsgrunnlaget for delnorm tre](#) i kvalitetsnormen for villrein.

RB09 Honnsjøen/Liafjellet

Området er lett tilgjengelig for ferdsel hele året. Samtidig brukes det hele året av både fostringsflokker og bukk, men det har et spesielt godt vinterbeite. I området er det hytter som fungerer som turmål både sommer og vinter, derfor er dette et sårbart fokusområde. Den største utfordringen er ferdsel innover i området sommer og vinter i tillegg til flere nye turstier fra bebygde strøk og inn i terrenget. Arbeidsgruppa mener det er viktig å følge med på utviklingen siden arealene innover er lett tilgjengelige fordi en kan kjøre med bil helt opp til skoggrensene.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

14

Arealutnyttelse

Arbeidsgruppa har ikke inntrykk av at villreinen har redusert arealbruken i dette området. Men her er det viktig å være føre var, siden bukkene tidligere pleide å stå rundt Liaffjellet fra tidlig vinter og helt frem til høstperioden. Dette er beskrevet fra tidligere kartlegging, men det forekommer ikke lenger. I dag står bukkene kun i området fra tidlig vinter til vår, og forlater det ved å krysse Finndalen. Tidlig på 90-tallet var det en periode uten bukk i dette området, men det har blitt brukt de siste 20 årene. Hva dette kommer av er arbeidsgruppa usikker på, men det kan være en følge av at beiteforholdene har endret seg. Det er også observert en endring av arealbruken i seinere tid, og områdene vestover fra Liaffjellet blir i større grad benyttet i dag enn før. En del av vinterbeitet rundt Liaffjellet er i ferd med å bli nedbeitet, og dette kan være en av faktorene til at områdebruken endrer seg.

Trekpassasje

Innenfor trekkpassasjen går det en kraftlinje fra Skjåk til Finndalen ved Honnsjøen. Den genererer noe ferdsel forbindelse med vedlikehold og tilsyn. I området fra utløpsosen av Honnsjøen er det fangstanlegg som viser at det har gått en svært konsentrert trekkpassasje i dette området. Trekkpassasjen som går gjennom fokusområdet, er viktig for at villreinen skal komme seg opp på Liaffjellet. Vinterbeitene som går fra Liaffjellet og østover er i forbindelse med tidligere kartlegging beskrevet som svært verdifulle. Det ser ikke ut til at villreinsens bruk av trekkpassasjen er betydelig redusert i dag.

Siden det er beitearealene innenfor dette fokusområdet det er lagt vekt på ble det ikke tegnet inn et eget influensområde her, influensområdet samsvarer derfor med avgrensningen til fokusområdet.



- | | |
|---------------------|-------------------------------|
| Innstilling: | Saka er teke til orientering |
| Behandling: | Samrøystes. |
| Vedtak: | Saka er teke til orientering. |

29. Høyring - Ny arealdel til kommuneplanen i Fjord kommune 2025-2040

Fjord kommune har vedtatt å sende planforslag for ny arealdel av kommuneplanen på høyring. I tillegg til dette brevet som går til offentlege etatar, kommunar, interesseorganisasjonar, dei som har sendt inn innspel til oppstartsvarsel m.fl. blir også høyringa annonsert i Storfjordnytt og Sunnmørsposten, samt i eiga nyheitssak på Fjord kommune sine nettsider og sosiale medier.

Plandokumenta er gjort tilgjengeleg for nedlasting og gjennomsyn på denne lenka:

<https://www.fjord.kommune.no/aktuelt/hoyring-av-ny-arealdel.71678.aspx>


Frist for innspel er torsdag 16. oktober 2025.

- Innstilling:** Saka blir teke att seinare og sendt ut på e-post til nemnda
- Behandling:** Regional plan for Ottadalsområdet og stortingsmeldinga villrein bør inkluderas i planarbeidet. Fokus på området rundt Trollstigen. Plassering av potensielle hyttefelt.
- Vedtak:** Saka blir teke att seinare, fyrst til AU og deretter sendt ut på e-post til nemnda.

30. Eventuelt

- Vedtak** Neste møte i nemnda blir truleg årsmøte siste helga i april. Anleggsvegar på Sognefjellet, mange bubilar sommarstid. Korleis regulere dette slik at det blir mindre camping langs vegen utan at brukarane av området blir utestengt.

Johan Berge
Leiar


Tor Taraldsrud
Sekretær